



Bygg Prosjekt AS
Roy G Njåstad
Fantoftvegen 14 P
5072 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/4330 - 23/3413

Saksbehandlar:
Christopher Marius Straumøy
christopher.marius.straumoy@austrheim.kommune.no

Dato:
04.04.2023

Ferdigattest - gbnr 142/115 - Myravegen - Flytebrygge

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Norleif Inge Sætre
Ansvarleg søkjar: Bygg Prosjekt AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillende resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 29.03.2021. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 29.03.2021.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for flytebrygge på gnr. 142, bnr. 115.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3 tredje ledd og gjeldande delegasjonsreglement.



Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Bygg Prosjekt AS

Fantoftvegen 14 P 5072

BERGEN